

Det kongelige barne- og familiedepartement
Postboks 8036 dep

2004/4169
- 209

0030 OSLO

Saksnr.	Arkivkode	Løpenr.	Saksbeh.	Dato
04/00683	A10 &00	8482/04	GUP	07.01.2005

VEDK. HØYRINGSNOTAT OM NY BARNEHAGELOV.

Viser til Høringsnotat om ny barnehagelov av 09.11.04. Vi vil med dette gje våre merknader til nokre av endringsforslaga:

Vi vil innleiingsvis knyte generelle kommentarar til omgrepet kvalitet og deretter bygge våre merknader til lovtekst på dette.

Departementet legg i sitt høyringsnotat vekt på at tilbodet til borna skal vere av god kvalitet. Kva føresetnader må vere til stades for å sikre at målsetjing om god kvalitet vert nådd?

Kva ein legg i omgrepet kvalitet vil variere ut frå augo som ser. Storsamfunnet må ha ei klår definert meinig med kva barnehagen si oppgåve er. Dette må komme tydeleg fram i ny rammeplan for barnehagar. Denne oppgåva må sjåast i samanheng med at ein på den eine sida ønskjer at barna skal få gode her og no opplevingar, og på den andre sida at ein ønskjer at borna i framtida skal verte gode og danna borgarar (i rammeplan generell del heiter det m.a. at barnehagen er med på å forme menneske som skal vekse inn i samfunnet).

Danningsomgrepet er vesentleg både i barnehage og skule, jf gjeldane rammeplan for barnehagar og læreplanverket for grunnskulen.

I ny rammeplan for barnehagar må det presiserast sterkare at barnehagen er ein del av utdanningssystemet, enn det ein finn i gjeldane rammeplanen. Dette er naudsynt for å sikre god kvalitet i barnehagetilbodet og samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal vere med på å gje barna god livskvalitet her og no og i tillegg vere med på legge eit godt fundament for livslang læring til beste for det einskilde individet og samfunnet.

Det må vidare presiserast at barnehagen også skal ha som oppgåve å lære borna å lære og hjelpe dei til å utvikle gode læringsstrategiar. Forsking syner at medvite arbeid på dette området kan ta til allereie blant dei yngste borna i barnehagen og såleis vil vere med på å legge eit godt grunnlag for livslang læring.

Postadresse: Postboks 159 6991 HØYANGER	Besøksadresse: Høyanger samfunnshus 6993 HØYANGER	Telefon: 57 71 15 60	Telefaks: 57 71 15 61	Bankkonto: 8471 07 01066 Org.nr 944439838
--	--	--------------------------------	---------------------------------	--

Vi vil skissere 3 element, som etter vårt syn, må vere til stades for at vi skal kunne snakke om den gode barnehagen:

1. Kvar barnehage må ha visse strukturelle minimumskrav oppfylt for at ein skal kunne snakke om god kvalitet. Dette handlar lokalar, uteområde, leiker og utstyr, barnegruppene og personalgruppa sin storleik. Ei lita barnegruppe er ingen garanti for at barna har det bra og får god stimulering og utvikling. Like lite som barn i ei stor barnegruppe får dårlege kår. Likevel er vår erfaring at utan at dei strukturelle minimumskrava er oppfylte vert det vanskeleg å gje verksemda eit innhald med meining.

Minimumskrava vert ramma – grunnmuren i byggverket ”den gode barnehagen”. Vi er i tillegg avhengige av å bygge på med fleire element for å sikre den gode kvaliteten departementet legg til grunn at barnehagane skal gje barn og foreldre.

2. Når minimumskrava er oppfylt er det ikkje minst viktig å vie si merksemd til kva innhald barnehagen tilbyr borna. Personalet sin kompetanse er i barnehagen til liks med i skulen ein nøkkelfaktor for sikring av kvalitet. Å stille krav til personalet si utdanning er vesentleg for å kunne tilby barna eit rikt og stimulerande innhald i tilbodet.
3. Den siste byggesteinen i den gode barnehagen er eit medvite personalet. Eit personale som planlegg, vurderer og dokumenterer. Eit personale som drøfter og reflekterer over eigen praksis og som har kunnskap, vilje og evne til endre praksis.

Det må vidare leggst vekt på å styrke høgskuleutdanninga gjennom meir konkretiserte krav til innhaldet i utdanninga i tråd med innhaldet i framtidig rammeplan. Etter- og vidareutdanning må verte eit statleg satsingsområdet også for barnehagepersonalet til liks med satsinga for skuleverket. Staten si satsing på kompetanseheving (Kunnskapsløftet) er ei erkjenning av at kompetanse er ein nøkkelfaktor i kvalitetssikringsarbeidet.

I rammeplan for barnehagar heiter det at barnehagen kan sjåast som ein del av det totale utdanningssystemet, sjølv om den er ein friviljug del. Dette må gjerst tydeleg og presiserast i ny rammeplan. Denne erkjenninga må takast på alvor ved at ansvaret for barnehagane vert flytta til Utdannings- og forskingsdepartementet. Kommunane har for lengst sett verdien av at barnehage og skule har felles administrative tilknytning på kommunenivå. Staten gjennom Fylkesmannen har også etterkvart fått felles administrative organisering av barnehagar og skular. At dette også vert gjort på departementsnivå, er etter vårt syn naudsynt for å sikre heilskapleg og kvalitativ gode oppvekstvilkår for borna.

Med bakgrunn i over nemnde vil vi kome med følgjande merknader:

§ 3 Barns rett til medverknad.

Vi ser det som særst positivt at barns rett til medverknad vert lovfesta. Dette er med på å sikre kvalitet i tilbodet til borna, under føresetnad av at ein har tilstrekkeleg med kompetent personale som har tid til å vere i dialog med barna.

§ 13 Prioritet ved opptak.

Vi støttar departementet si grunngeving og framlegg til lovtekst der omgrepet "barn med funksjonshemming" er endra til barn med nedsett funksjonsevne.

§ 18 Leiring

Etter vår vurdering er styrar eit godt innarbeidd omgrep som bør vidareførast. Nemninga styrar og innhaldet i gjeldande lovtekst bør difor vidareførast i ny lov.

Kravet til førskulelærarkompetanse hos styrar må vidareførast i same form som i gjeldane lov.


§ 19 Barnehagens øvrige personale.

Vi ser det som viktig for kvaliteten av barnehagetilbodet at noverande lovtekst vert vidareført. Pedagogisk leiarar må ha utdanning som førskulelærar. Teksten forøvrig vert også vidareført.

Vi ser det også som vesentleg i arbeidet med å sikre kvalitet til borna at dagens forskriftsfesta krav om det skal vere ein pedagogisk leiar per 14-18 born over tre år og ein pedagogisk leiar per 7-9 born vert vidareført. Dette er eit av minimuskrava som må haldast på for å sikre gode rammevilkår og kvalitet i tilbodet til borna.

Med helsing


Bjørn Hjelmeland
Oppvekstsjef


Gudrid Pedersen
pedagogisk konsulent